

Bergen, 15.2.18

Oversikt over supplering

I tråd med brev frå sakshandsamar sendt 9.1.18 har vi utført følgande endringar i søknaden:

Nabovarsling

Det blir bedt om nabovarsel for 133/4. Denne eigedommen står ikkje på nabolista vi har fått utlevert. Det blir bedt om kvittering for nabovarsling av 133/26. Eigar, Olav O. Haukeland, har ingen oppført kontaktinformasjon og vi har ikkje lukkast med å finne meir på internett. Vi har difor dessverre ikkje klart å varsle han.

Flytebrygge

Rognaldsen Eiendom AS vil sjølve stå for søknad om og utlegging av flytebrygge. Solholmen Events AS vil deretter leige denne, jamfør ny leigeavtale merka D3.

Parkering

Rognaldsen Eiendom AS eig 132/5 og kan dokumentere dette (dei sender dykk dette direkte). Dei to parkeringsplassane på kaia har opphav i ei misforståing og er fjerna frå parkeringskartet, vedlegg D4. Sjå elles ny parkeringsavtale, vedlegg D3.

Brannkonsept

Konsepta AS har utforma brannkonsept for dei omsøkt bruksendra bygningane. Sjå vedlegg Q4-6.

Teikningsgrunnlag

Vi har supplert med planteikning for kjellar i hovudhus, sjå vedlegg E6. I tillegg har vi laga plan- og snitteikningar for pub og kjøkkenhus, sjå vedlegg E7-8.

Fråvik frå TEK10

Vedlegg B2 innheld nærare utgreiingar om kvifor krav til universell utforming, vindauger og energieffektivitet vert vanskeleg å oppnå, gitt bygningane sin høge alder.

Sjå neste side for liste over vedlegg.

Helsing

Nikolina Søgner
Utmark arkitektur

Vedleggsliste

- A1 Ytre rammer for tiltaket

- B1 Dispensasjonssøknad
- B2 Supplering, fråvikssøknad

- C1 Utfylt kvittering, nabovarsel
- C2 Opplysningar gjeve i nabovarsel

- D1 Situasjonkart juni 2017 før tiltak
- D2 Situasjonkart etter tiltak
- D3 Leigekontrakt, parkering
- D4 Kart til parkeringsavtale

- E1 Planteikning 1. etasje hovudhus
- E2 Oppriss fasade mot nordaust, hovudhus
- E3 Planteikning 2. etasje hovudhus
- E4 Telt teikningar
- E5 Planteikning pub
- E6 Planteikning kjellar
- E7 Kjøkkenbygg, plan og snitt
- E8 Pubhus, plan, snitt og foto av fasade
- E9 Fasader hovudhus, foto

- G1 Gjennomføringsplan
- G2 Ansvarsrett

- I1 Førehandsuttale hamnevesen
- I2 Mattilsynet registrering
- I3 Vegvesenet brev
- I4 Arbeidstilsynet søknad

- Q1 Fotovedlegg nabovarsel
- Q2 Referat frå førehandskonferanse
- Q3 Brannvaktinnstruks
- Q4 Brannkonsept
- Q5 Brannskisser
- Q6 Ansvarsrett Konsept